



## Møtereferat - planforum 12.02.2014

Stad: Storehagen Atrium i Førde, Fylkeshuset på Leikanger

Referent: Torbjørn Hasund

---

### Kl. 12:00 Vik kommune – kommuneplanens arealdel

Til stades: Ottar Wiik, Norvald Åse og Oddbjørn Ese Vik kommune, Dag Endre Stedje, Oddgeir Aardal - FM miljøvern, Oddgeir Aardal – FM landbruk, Arlen Bidne, Bjørn Ramberg FK KA, Ylva Tyssing, Trond Sundby og Torbjørn Hasund – FK PSA

Vik kommune presenterte planarbeidet. Ese om prosessen, inkludert samfunnsdelen. 1. gangs handsaming for utlegging til offentlig ettersyn i formannskapet, torsdag 13.02.2014.

Gjennomgang planutkastet ved Ottar Vik, område for område.

Ei overordna føring for planarbeidet har vore strengt hushald med matjord

#### Framfjorden og Arnafjorden

Stedje - Indrefjorden og Tenne, delar av området er konfliktområde, bustadområde Morki, utviding mot nordaust. **Synfaring aktuelt.** Problematisk at ein ikkje får kvalitetssikra kvalitetane i området, før vedtak om offentlig ettersyn. Kommunen er gjort merksame på at det **kan kome ei motsegn frå fylkesmannen med grunnlag i strandsonvern og naturtypeområde.**

Bidne - Området ved talkummølla er bandlagt i dag etter kml, ryddigast at dagens situasjon er vist i dag. Wiik – (i kommentar til utkast) – Mellombels freding er oppheva nyleg. Ikkje aktuelt med omsynssone.

#### Skjellingavatnet sør

Stedje - føresegnene kapittel 2.3.3. Område LNF-H6 Skjellingavatnet sør, korleis skal dei tolkast? Wiik - ønskjer å ta ut dei tomtene som i dag ikkje er bygd på. Stedje meiner det er overflødig å skrive at For kvar av dei 31 regulerte hyttene kan det delast frå byggetomt på inntil 1daa. Betre å ta det ut. Sundby; alternativt skrive at det ikkje vert opna for vidare frådelling av areal til hytteføremål. **Stedje vil diskutere med viltforvaltar hjå FM og gje attendemelding til kommunen.**

#### Listeførte kyrkjer

Bidne: Legge inn 60 metersone rundt alle dei 4 listeførte kyrkjene i Vik (Fresvik, Feios, Vangsnes, Arnafjord).

### **Landbruksområde Flatbygdi**

Aardal – endring av fylkesveg sør for fengselet er problematisk i høve landbruk, deler eit større område dyrka mark i to. Kan den leggest i vinkel rett sør for busetnaden? Wiik – ønske om avlastingsveg. Endring til ny fylkesveg sør for Vik fengsel er einaste fornuftige løysing, samstundes stenge Røysavegen for gjennomgangstrafikk. Om ny trase skal få ønska verdi som omkøyringsveg må den ha ein god kurvatur. Kommunen har avklara at det ligg til rette for makebyte slik det vert brukbare driftsforhold for landbruk.

Bidne – Vik fengsel er under freding og fredingsframlegget omfattar dei tre bygningane frå 1864 samt det opphavlege ubebygde gårdsrommet og den opphavlege muren som avgrensa fengselet mot nabotomta og vegen.

Stedje - Om føresegner 1.4 byggjegrænse i strandsona. Føresegnene lempar på reglane. Bør ikkje setje konkret metersgrænse, det vert for generelt. Ei gjeven metersgrænse i føresegnene kan vere nok i enkelte område, men for lite i andre, alt etter terreng. Landbruksbygg i LNF område må det også setjast byggjegrænse for. Bør ikkje leggje inn formulering om konkret metersgrænse, heller ikkje generelt at veg skal vere byggjegrænse mot sjø. Stedje tilrår å ta ut dei formuleringane som opnar for generell fastsetjing av byggjegrænse. Konkret vurdering må inn i kvar enkeltsak. **Stedje vil avklare spørsmålet internt hjå FM og gje attendemelding til Vik kommune.**

Stedje – Hytte i Bjørkeviki, vest for Sylvarnes, opning for LNF spreidd. 3 hytter fordelt på område på 17 dekar, 30 meter byggjegrænse mot sjø. **Utlegging av LNF - spreidd i dette området er i seg sjølv problematisk. Stedje vil avklare spørsmålet internt hjå FM og gje attendemelding til Vik kommune.**

Bidne - bygging i stølsområde. Ta ei runde i kommunen og velje ut dei mest verdifulle områda, og der de ikkje vil ha vidare bygging. Sikre at dei beste områda ikkje vert øydelagt. Wiik - dei har plukka ut område med verdi i dei stølsområda som er i bruk. Han viste til føresegner i kapittel 5-3, der dei har lagt inn føringar for bygg i stølsområde.

Stedje – slik føresegnene er formulert opnar dei for bygging på alle stolar, ikkje sikring av spesielt verdifulle område. Wiik – opnar for bygging berre for dei som har støylsrett, ikkje for andre. Arbeidet med kommunal kulturminneplan er oppstarta, men på vent no grunna prioritering av anna planarbeid. Meiner føresegnene slik dei er gjev god nok føring, då det er knytt opp gardsbruka i drift med dyr knytt til stølen. Alle stølsområde knytt til kjerneområde landbruk er viste med omsynnsone for bevaring av kulturverdiar. Dette gjer at det er aktuelt i få tilfelle. Og føresegnene seier at bygningar skal innordne seg eksisterande bygg, og storleik inntil 50 kvadratmeter.

Wiik informerte om retningsliner for dispensasjon for spreidd utbygging. For utvalde sokn, Arnafjorden, Feios og Fresvik. Det er sett i retningslinene at det her, under nemnde vilkår i retningslinene, vert sett positivt på. Wiik – har sendt konkret problemstilling til Nordheim på jusavdelinga hjå FM. Ser uproblematisk ut, men det bør i planen presiserast at lovens krav om at vilkåra i §19-2 om dispensasjon uansett må vere oppfylte.

Aardal – viste til møte med kommunen i fjor, og planutkastet er i stor grad i tråd med det som var sagt då. For Tenold er det viktig at det vert lagt føringar for økonomisering med landbruksareal. Landbruksavdelinga vil kome med fagleg fråråding for utbygging på Hofsåsen. Unødvendig infiltrasjon av landbruksområde. Eit av dei viktigaste landbruksområda i kommunen. I dag overflatedyrka og skog, men området er lett dyrka, og er eit område aktuelt for oppdyrking til fulldyrka jord.

**Fylkesmannen må ha litt tid på seg for å avklare dei meldte problemstillingane.**

Slutt 14:15